

Sande-avtale med Senter mot incest

Helse- og sosialutvalet i Sande har på vegner av kommunen godkjent ny avtale med Senter mot incest og seksuelle overgrep i Møre og Romsdal. Senteret er lokalisert i Molde, og ny avtale byggjer på same lest som den førre, med ei løyving på vel 3 kroner per innbyggjar.

– Erfaringane med å ha eit slikt senter i fylket er bra, og statistikken viser at det er mange som tek kontakt og oppsøker senteret, heiter det i vurderingane til rådmannen.

Serveringsløyve til Kafé Kuling

Helse- og sosialutvalet i Sande gir Kafé Kuling i Gjerds-vika serveringsløyve under føresetnad av at dagleg leiar gjennomfører etableringsprøva innan 1. mai i år. Til saka opplyser kommunen at Mattilsynet har godkjent kjøket, at det er eit spennande konsept, eit idealistisk tiltak som tilfører både kultur og servering. Kaféen har ope onsdag, laurdag og søndag.

Tilsyn med barnehagar i Sande

OPK-utvalet i Sande har vedteke at ein skal knyte til seg ein barnehagefagleg person frå ein nabokommune for å gjennomføre tilsyn med barnehagar. Det vil skje etter barnehagelova, og Sande skal yte tilsvarende teneste til nabokommunen.

Ein skal prioritere paragraf 2 i barnehagelova (innhald), samt paragrafane 21 og 22 som handlar om opplysningsplikt til sosialtenesta og barnevernstenesta. I tillegg også paragraf 23 - rutinar for helsekontroll av barn og personale.

Avslo søknad om fri skyss til Sandvika

Oppvekst- og kulturutvalet til Sande kommune har avslått ein søknad om gratis skuleskyss på strekninga Sandvika-Vågen. Samstundes er det tinga med buss-selskap og foreldra om at bussen frå Larsnes kan gå om Sandvika også til første time. På denne måten kan foreldra på eiga rekning sende elevane med bussen.

Til saka opplyser rådmannen at vegen rundt Sandvika ikkje er rekna som trafikkfarleg, med omsyn mellom anna til trafikkettleik og tungtrafikk. Samla årleg kostnad for kommunen til å dekkje skyssen til dei sju elevane ville ha vore tett på 35.000 kr.



Sterk motstand mot var

Etter at planane vart lanserte om vindmøller i fjellet på Hovda-halvøya heilt utover til Nystøylhornet, har motstanden berre auka på. No er det etablert eigen underskriftsaksjon på nett, og eventuelle tilhengjarar av vindparken ser førebels ut til å hamne i skuggen.

Selskapa Tussa, Zephyr og Vestavind Kraft samarbeider om prosjektet. Saka kan minne om Haugshornet vindpark i Sande, der kommunen vart lokka av pengar, medan friluft- og naturinteresserte stod beinhardt på motsett side.

Skilnaden på vanylvs- og sandesaka er likevel at medan alle grunneigarane i Sande var positive, finst det fleire grunneigarar i Vanylven som allereie har signalisert at dei går imot.

Søknad etter nyttår

I si oppsummering over positive ringverknader for Vanylven kommune listar selskapa opp moglegheiter for lokalt næringsliv i anleggsfasen, både innan entreprenør- og serviceverksemd. I tillegg reknar dei med ein tilsett per 15 MW produksjon. I praksis inneber det fem-seks tilsette (anlegget skal produsere 80 MW). Dessutan inntekter til kommunen gjennom eigedomsskatt, og her har det vore antyda 7 mill. kr årleg.

Selskapa, som har lagt fram planane for grunneiga-



rane, varslar at dei er klare til å sende inn konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing 1. januar neste år.

Rask og bestemt aksjon

Det tok ikkje lang tid etter grunneigarmøtet på Fiskå før

ei lokal aksjonsgruppe såg dagens lys.

– Vi bestemte raskt at dette ikkje skal vere eit grunneigarlag, men ei opa og brei gruppe der alle kan vere med, seier Randi Nygjerde i aksjonsgruppa. Ho og dei andre har skipa

nettstaden vernhovda.no, der det har teke til å strøyme inn med underskrifter. I tillegg er det oppretta eiga Facebook-side mot vindparken, der Nygjerde gjer merksam på at spesielt mykje ungdomar har meldt seg inn. Dessutan vert